


Nytt Omsorgssenter

Tittel:



Månadsrapport

Periode 04/2025

E02	13.05.25	Til styringsgruppa	BSK	EWI	
A01	11.05.25	Intern høyring	BSK	EWI	
Revisjon	Dato	Tekst	Laget	Kontrollert	Godkjent
Logo:		Områdekode:	Systemkode:	Antall sider:	
				Side 1 av 5	
Utgiver:		Dokumentkode:		Løpenummer:	Revisjon:
		IM		001	E02

Innholdsfortegnelse

1.	Sammendrag	3
2.	Økonomi	3
3.	Framdrift	4
4.	Regulering	4
5.	Andre forhold	4
5.1.	Bruk av klimasatsmidla	4
5.2.	Forhandlingar med grunneigarar	4

1. Sammendrag

I perioden:

- Gjennomført vurderingar knytt til materialval og fasadeløysingar.
- Planteikningar og landskapsplan er så godt som ferdigstilt.
- Starta på sjølv forprosjektrapporten.
- Gjennomført lovpålagt risikovurdering av reservekraftanlegget.
- Utarbeida riggplan.
- Planlegging av kalkyle og oppsett.
- Oppdatert brannkonsept og brannteikningar.
- Oppdatert ekstern støyvurdering og lydplanar for inneområde.
- Arbeid med møbleringsplan.
- Arbeid med VA-modell, situasjonsplan og kumteikningar.
- Dialog med grunneigarar for eventuelt oppkjøp av eigedomar pågår, sjå pkt. 5.2.
- Miljøoppfølgingsplanen (MOP) er oppdatert.

Neste periode:

- Ferdigstilling og overlevering av kalkyle 30.05.25.
- Ferdigstilling av klimagassberekningar.
- Ferdigstilling av fasadar, balkongar og utforming av tak.
- Forberedelsar til usikkerheitsanalysen
- Arbeid med forprosjektrapporten
- Arbeid med konkurransegrunnlag for sanering og grunnarbeid

2. Økonomi

Med utgangspunkt i vedteke budsjett på 22,5 mill. for forprosjektet, rapportera prosjektet totaløkonomi som følgjande:

Forprosjekt - Økonomisk månedsrapportering periode 04/25 (eks. mva.)						
Post	Beskrivelse	Gjeldande budsjett	Gjeldande prognose	Sum forpliktelsar	Påløpt i perioden	Påløpt akkumulert
1	Prosjektering, Norconsult totalt	18 000 000	18 000 000	12 695 177	1 185 347	7 856 633
2	Administrasjon	3 500 000	3 500 000	3 500 000	45 000	844 081
3	Uforutsette kostnader	800 000	800 000	0	0	0
4	Div. kostnader	200 000	200 000	0	0	16 800
	Sum	22 500 000	22 500 000	16 195 177	1 230 347	8 717 514

Kommentar til økonomirapporten:

- Prosjektleiinga vurderer økonomien i prosjektet som god og at det er svært liten risiko for at gjeldande budsjett for forprosjektet ikkje er tilstrekkeleg.
- Det er planlagt å gjennomføra usikkerheitsanalyse på forprosjektkalkylen 19.06.25.

3. Framdrift

Framdrift går iht. plan. Usikkerheit i framdrifta ligg først og fremst i samtidig prosjektering og reguleringsprosess.

Følgjande milepæla er gjeldande (dagmulktsbelagte milepæla):

30.05.25	Levering forprosjektkalkyle
02.06.25	Levering høyringsutkast konkurransegrunnlag for entreprise 'Sanering og grunnarbeid'.
22.06.25	Levering endeleg konkurransegrunnlag for entreprise 'Sanering og grunnarbeid'.
27.06.25	Levering forprosjektrapport (utsett ei veke pga. usikkerheitsanalysen 19. juni).
21.08.25	Presentasjon av forprosjektet for styringsgruppa.
26.09.25	Levering høyringsutkast konkurransegrunnlag for totalentreprise på bygg
24.10.25	Levering endeleg konkurransegrunnlag for totalentreprise på bygg

4. Regulering

Det er no utarbeidd eit ferdig planframlegg. Reguleringsplanen har vore oppe i utval for samfunn for gjennomgang og handsaming med tanke på utlegging til høyring og offentleg ettersyn, og skal no vidare til handsaming i formannskapet. Hvis planen vert vedteken lagt ut til høyring og offentleg ettersyn av formannskapet, skal dette publiserast på kommunen si heimeside, i avis og i brev til direkte rørte partar. Planframlegget vil leggst ut fysisk på rådhuset og digitalt på heimesida/i digitalt planregister, slik at alle som ynskje kan sjå gjennom den og kome med merknader. Planen vil liggje ute til høyring i minst 6 veker. Etter dette vil kommunen gå gjennom merknadene og gjere eventuelle justeringar før planen skal handsamast på nytt for endeleg vedtak i formannskapet/kommunestyret.

5. Andre forhold

5.1. Bruk av klimasatsmidla

- Kommunen er tildelt kr. 236 500 i klimasatsmidla som skal nyttast til bl.a. vurdering av klimagassreduserande tiltak i forprosjektet. Det er laga budsjett og dokumentasjon som sikrar at kommunen skal kunne gjere seg nytte av desse midlane.

5.2. Forhandlingar med grunneigarar

- Forhandling med grunneigar i Tangevegen 16 pågår.
- Forhandling med grunneigar i Tangevegen 18 er i mål.

- For Tangevegen 20 pågår det dialog for å ta tilbake noko av festa areal som evt. kan nyttast til parkering for nytt omsorgssenter.
- Det er eit mål om å inngå bindande intensjonsavtalar med grunneigarane før det ligg føre eit eventuelt vedtak om utbygging.